



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

# Kyrkjebladet

Nr. 1 - 2024 - 81. årgang

FOR BYGLAND



*Sandnes kyrkje Åraksbø i vinterdrakt. Foto: Eirik Hodnemyr*

***Dette kan du lese om i Kyrkjebladet: Visitaspreken • Bispevisitasen  
Fasteaksjonen • Årets konfirmanter • Velkomen til Guds hus  
Ætt skal fylgja ætterråd • Friluftsgudsteneste på Hovassdammen***

**3. søndag i fastetida.  
Visitagudsteneste i  
Sandnes kyrkje Åraksbø  
3. mars 2024.**

Dagens tekst er hentet fra  
Markusevangeliet i det 9 kapittel,  
versa 17-29:

*Ein i flokken svara: «Meister, eg  
er komen til deg med son min;  
han har ei ånd som gjer han stum.*

*Når ho tek tak i han, kastar ho  
han over ende, skummet står ut  
av munnen, og han skjer tenner  
og blir heilt stiv. Eg bad læresvei-  
nane dine driva ånda ut, men dei  
makta det ikkje.»*

*Då sa Jesus til dei: «Du vantru-  
ande slekt! Kor lenge skal eg vera  
hos dykk? Kor lenge skal eg halda  
ut med dykk? Kom hit til meg med  
han!» Dei førte guten bort til han,  
og med det same ånda fekk sjå  
Jesus, reiv og sleit ho i guten så  
han fall til jorda og velte seg med  
skum om munnen.*

*«Kor lenge har han hatt det  
slik?» spurde Jesus. «Frå han var  
liten», svara faren. «Ofte har ånda  
kasta han både i eld og i vatn for  
å ta livet av han. Men om du kan,  
så ha medkjensle med oss og hjelp  
oss!» «Om eg kan?» svara Jesus.  
«Alt er mogleg for den som trur.»  
Straks ropa faren: «Eg trur, hjelp  
mi vantru!» Då Jesus såg folk  
strøyma til, truga han den ureine  
ånda og sa: «Du stumme og døve  
ånd, eg byd deg: Far ut av han, og  
kom aldri meir tilbake!» Då skreik  
ho høgt, reiv og sleit i han og fór  
ut. Guten låg livlaus, og alle sa at  
han var død. Men Jesus tok han i  
handa og hjelpte han opp, og han  
reiste seg.*

*Då Jesus var komen i hus og  
læresveinane var åleine med han,  
spurde dei: «Kvifor kunne ikkje vi  
driva ut den ånda?» Han svara:  
«Dette slaget kan berre drivast ut  
med bøn \*og faste.»*

**Visitapreken av biskop Stein Reinertsen:**

# Jesu makt i vår

**Noen ganger virker  
bibeltekstenes virke-  
lighet og vår virkelighet  
å være veldig langt fra  
hverandre. I teksten  
hører vi om en stum  
gutt som får drevet ut  
en ond ånd, og som så  
begynner å snakke. Slik  
det beskrives i teksten,  
ligner det på epileptisk  
anfall.**

---

*Tekst: Biskop Stein Reinertsen:*

---

Vi forklarer ikke epileptiske anfall med at disse menneskene er besatt. Og vi behandler ikke stumme ved å drive onde ånder ut av dem. Til de som har epilepsi, gir vi medisiner. Vi forklarer ikke forkjølelse med at det er forkjølelsesdemoner vi står overfor. Den type lære har vi ikke noe grunnlag for å hevde. Sykdom er sykdom, og ikke tegn på besettelse.

Men vi hører beretninger også i dag i fra andre kontinenter og kulturelle sammenhenger om fenomener som ligner på det Jesus stod overfor flere ganger.

Men om vi lever i en annen kultur og tid, hindrer ikke det at også vi møter den onde og ondskapen. «Det onde kan komme over oss og ta makten over oss (Hegstad Gud, verden håpet s. 126).»

Paulus sa det slik i leseteksten:

For vår strid er ikkje mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrommet.

Vi hørte om Jobs store kamp hvor Anklageren var ute etter Job og hans liv.

Vi står i den samme kampen. Den svenske lyrikeren Wallin beskriver denne kampen slik:

Två väldiga strider om männis-  
kans själ

att helt i sin lydnad den taga.

Den ene han vill hennes eviga  
väl.

Den andre vill se henne fången  
och snärd

Det er en makt som konstant vil lokke og friste oss til å være en annen enn den vi er skapt til å være. Det handler ikke om uskyldige kaloribomber og å unne seg ting, men om å få oss til å sette oss selv foran både Gud og våre medmennesker. Til å glemme hvem Gud er, og hvem vi er som mennesker. Når vi lar oss styre av egoisme, grådighet, likegyldighet og begjær blir det ikke godt for menneskene rundt oss. Vi sårer både Gud og vår neste.

Kanskje er det lettere å tale om den onde og ondskap i dag enn for to år siden. Ondskapen er kommet nærmere oss de siste årene. En grusom og meningsløs krig forårsaket av Putin, lederen i Russland, vårt naboland. Ufatelig mange mennesker skades, dør, blir traumatisert, bærer på sorg og tap på grunn av denne despot sine onde handlinger. Mange Ukrainere er kommet til denne kommunen på grunn av ondskapen. Det står stor respekt av hvordan dere har tatt imot dem.

Vi har også sett ondskapen og de grusomme lidelsene utført i Israel 7. oktober i fjor og på Gaza i tiden etter. Det gjør inntrykk.



# avmakt!

Jens Bjørnebo skriver i en av sine romaner: ”Den som har møtt den onde, blir ikke så lett glad.”

Søndagen i dag har et spesielt fokus. Den tredje søndagen i fastetiden er den store kampdagen i kirken. Kampen mot de onde kreftene.

Men hvem er han? Han bærer mange navn. De to vanligste er Satan og Djevelen. Satan er det hebraiske navnet og betyr motstander eller anklager. Mens det greske navnet er djevelen som betyr baktaler. Andre navn er fienden, den onde og det er flere. Alle navnene beskriver en som ikke vil oss vel.

Men er ikke all tale om djevelen og den onde makt passè? Fjerner vi den onde fra vår verden, løser vi ikke problemet. Ondskaperen er der fortsatt. For hvor kommer det onde fra?

La meg nevne tre svært utbredte oppfatninger hvor ingen av dem gir oss gode svar. For det første er det de som sier: Det onde er egentlig ikke ondt. Det kommer bare an på hvordan du ser det. Det er klart at det er stor forskjell på hvordan vi tar ting. I etter tid kan vi også mange ganger se tingene annerledes. Det som vi opplevde som tungt og vanskelig var egentlig bra og et gode. Men å gjøre dette til et prinsipp i enhver situasjon, det holder ikke. Når du blir sveket, tråkket på. Når mennesker lyver og utnytter deg. Når du bærer på sår andre har påført deg, er ikke det du trenger å høre at: ”Det kommer bare an på hvordan du tar det.” Det er noe som heter ondskap som aldri kan bli noe annet. Da tar vi ikke det ondes ondskap på alvor. Det onde er ondt.



Den andre oppfatningen er at det er Gud som sender det onde. Han står bak alt som skjer i denne verden. Han er jo allmektig, alt kommer fra ham. Han er ansvarlig for alt det gode og alt det onde. Men kan Gud stå bak alt det onde som skjer i denne verden? En slik Gud finner vi ikke i vår Bibel, en uberegnelig Gud. Der møter vi en Gud som det ikke er mørke i. En Gud som ikke kan fornekte seg selv og bryte sine løfter. En Gud som viser sin hellighet og vrede mot det onde. Eller som vi leste i teksten. En Gud som driver det onde ut, som tar et nødvendig oppgjør med ondskaperen. Ondskaperen er totalt forskjellig fra Gud.

Det finnes også en tredje løsning på å forklare ondskaperen uten å regne med at den onde finnes. Hvis vi avskriver at det finnes onde makter, og gode for den saks skyld, er den eneste muligheten å si at alt det onde kommer fra menneskene. Det er rett at det kommer svært mye ondskap fra oss mennesker.

Grusomme gjerninger står vi mennesker bak. Men sier vi at mennesket er roten til all ondskap, har vi gjort mennesket til en demon. Slik taler ikke Gud om oss. Han forteller at vi er en fallen skapning som har forlatt ham, men samtidig er hvert eneste menneske hellig og skapt i Guds bilde. Uansett hvor mye ondt et menneske har gjort, er det ikke en demon.

Avskriver vi den onde, sitter vi igjen med flere spørsmål enn svar. Og de svarene vi har gjør det vanskelig i forhold til synet på det onde, som alltid er ondt. I synet på mennesket, som ikke er en demon, Og ikke minst: I synet på Gud. Han som det ikke finnes mørke i. En Gud som ikke er uberegnelig, men en Gud vi kan sette vår lit til. Dessuten, avskriver vi den onde, blir det svært mye av det Jesus sier uforståelig. Det var jo han som han kjempet mot.

I fastetiden er et av motivene, slik Jesus kjempet mot den onde

skal også vi kjempe. Men hvordan kjemper vi mot den onde?

Når vi feirer dåp i kirken, tar vi opp kampen ved å si: Forsakelsen: «Jeg forsaker Djevelen og alle hans gjerninger og alt hans vesen.» Vi utfordres til å si nei til ondskaper. Nei, når vi fristes til å gjøre noe vi vet er galt, også de gangene ingen andre ser det. Nei, til å lytte til ondsinnet sladder, eller til å bringe den videre. Nei, til å lytte til mobberne. Nei, til urettmessig å tjene på andre. Nei, til svik og bedrag. Paulus sier det så tydelig i det brevet vi hørte tidligere om ondskapens åndehær: «Gi ikke djevelen rom.»

Ondskap er noe vi skal vende oss bort fra. Vårt svar på den onde er: «Vi forsaker djevelen og alle hans gjerninger og alt hans vesen. Vi gir ikke næring til ondskaper.

*«I fremtiden vil ikke mennesket vise sin storhet i det som det gjør, men i det som det avstår fra å gjøre,»* sa filosofen Wittgenstein.

Men det handler om mer enn å vende seg bort fra den onde. Olav Duun sier i en av sine bøker: «Du drep ikkje den vonde med øks.» Det er sant. Den sterkeste kraft i verden er ikke ondskaper. Det er kjærligheten. I møte med den onde, går Jesus kjærlighetens vei mot et kors. Mot nederlaget for å bli «Guds lam som bærer bort verdens synd.»

Den veien vi skal vende oss mot beskrives slik:

*Og endå vil eg visa dykk  
ein betre veg.  
Kjærleiken er tolmodig,  
kjærleiken er velvillig,  
misunner ikkje, skryt ikkje,  
er ikkje hovmodig.  
Kjærleiken krenkjer ikkje,  
søker ikkje sitt eige,  
er ikkje oppfarande,  
gøymer ikkje på det vonde.  
Han gler seg ikkje ved urett,  
men gler seg ved sanninga.*

Den onde beskrives noen ganger

som Mørkets fyrste, mens Jesus som Verdens lys. Det er en kamp mellom lys og mørke. Hva er mørke? Det er fravær. Nærmere bestemt; Fravær av lys. Lys og mørke er ikke som kaldt og varmt vann. Når vi blander kaldt og varmt vann, får vi noe midt imellom. Men hvis vi blander lys og mørke vil alltid lyset vinne. Fordi mørket er fravær av lys. Selv litt lys vil fjerne mørket. Derfor vil alltid lyset seire over mørket. Fraværet erstattes av nærvær.

*Två väldiga strider om  
människans själ  
att helt i sin lydriad den taga.  
Den ene han vill hennes eviga väl.  
Den andre vill se henne fången  
och snärd,*

Faren til gutten sa: Men om du kan, så ha medkjensle med oss og hjelp oss!» «Om eg kan?» svara Jesus. «Alt er mogeleg for den som trur.»

Djevelen og Jesus er ikke likeverdige. Bare Gud er Gud. De kan aldri bli like store. Gud er Gud. Djevelen når ikke Gud opp så mye som til ankelen.

Søndagen i dag har et gammelt navn: Oculi, øye, ut i fra en av lesetekstene Salme 25: ” Mine auge er alltid vende mot Herren.” Forklaringen er enkel: Det er Gud som gir oss kraft i kampen mot den onde. Tydeligere kan det ikke sies enn det Luther gjør i sin salme: Vår Gud han er så faste ei borg.

*Om verdi full av djevlar var  
Som ville reint oss glupa  
Me ingen otte i oss bar  
Dei skulle alle stupa  
Og fyrsten for den hær,  
Kor arg han enn seg gjer  
Oss inkje skada kan.  
Han er en maktlaus mann  
Eitt ord, og han vil falle*

Teksten handler også om bønn. I det siste verset snakker Jesus med disiplene om at i møtet med ondskaper er det bønner som gjelder.

Bønn kan beskrives på mange måter. En av dem er å si at: Bønn er å lukke Jesus inn. Regne med han. Slik kan også troen beskrives. Jesus utfordrer mannen til både bønn og tro. Uansett hvor stor eller liten vår tro er, er den stor nok. Troen er en gave, skapt av Den hellige ånd. Ikke vår prestasjon. «Jeg tror. Hjelp meg i min vantro,» sa mannen. I møtet med vår avmakt, møter Jesus oss med sin allmakt.

Ære være Faderen og Sønnen og Den hellige ånd som var, er og blir en sann Gud fra evighet og til evighet. Amen

## Kva er ein bispevisitas?

Bispevisitas er besøket til ein biskop i kyrkjelydane til bispedømmet. Etter norsk kyrkjerett skal bispevisitas haldast minst kvart sjetten år i kvar kyrkjelyd. Ein visitas varer gjerne 3–6 dagar.

Biskopen skal kontrollere at presten administrerer embetet sitt etter lov og regel, stå til teneste med rettleiing for presten i gjerninga til vedkomande som sjelesørgar og predikant, skaffa seg orientering om den åndelege tilstanden til kyrkjelyden, den kristelege oppsedinga til ungdommen og dei sosiale og moralske forholda.

I løpet av ein bispevisitas deltek biskopen i gudstenester, i forsamlingsmøter, samtalar med konfirmantane, besøk på skular og institusjonar. Det har òg vorte alminneleg med industri- og bedriftsbesøk og kontaktmøte med foreiningar av ulike slag i kyrkjelyden så vel som med kommuneadministrasjonen.



**Fasteaksjonen 19. mars 2024:**

# Håp i ein dråpe vatn

**Nær 800 millionar menneske lever i dag utan tilgang til reint vatn på grunn av anten jord-skjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Kirkens Nødhjelp arbeider med akutt bistand i katastrofar og dei driv med langsiktige prosjekter for å redusere naud og fattigdom i verda.**

Dei arbeider både for fred og rettferd, og for å redde liv.

I fasteaksjonen samlar vi her i Bygland inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme negative ringverknadane mangel på reint vatn har for eit menneske. Årets aksjonsdag er **tydsdag 19. mars 2024 frå kl. 17.00.**

**Denne dagen vil konfirmantane med god hjelp av andre gå frå dør til dør i Bygland kommune med bøsser der ein kan legge si gåve i.**

Bøssene er plombert og kan ikkje juksast med. Dei som ikkje har kontantar kan vippsa eller sende ei SMS-melding til nummer 2426. Dei som sender SMS må skrive inn kodeord VANN på meldinga som også sendast til nummer 2426. Då gir ein automatisk 300 kroner til aksjonen.

300 kroner er nok til å gje eit menneske reint, nok og kortreist vatn for resten av livet.

Ein kan lesa meir om dette på nettsida: [fasteaksjonen.no](http://fasteaksjonen.no). Der finn ein mykje fin informasjon om formålet, og også fine videoar med mykje godt bakgrunnsstoff.

Der kan ein mellom anna bli kjend med 15 år gamle Rachelle El Debs. Ho er frå Deir El Ghazal, som er ein liten landsby som ligg i Libanon, heilt på grensa til Syria.

- Sjå kor vakkert det er! seier ho.
- Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea.

Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smilar Rachelle, og ser utover Bekaadalen. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrker for nokre år sidan.

Området har vært utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ei gong i veka. Men takka vere midlar frå Kirkens Nødhjelps fasteaksjon har landsbyen no fått tilgang til reint vatn. Så der det før var ørken veks det no frukttrær og det vert dyrka grønnsaker av mange slag.

Dette er berre eit lite døme på kva Kirkens nødhjelp sitt arbeide betyr for enkeltmenneske og for lokalsamfunn.



- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønner og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minske utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.



*Rachelle El Debs vatnar på plantasjane der det før var ørken.*

# Bispevisitas i Bygland og Årdal sokn

**Siste veka i februar og første søndag i mars hadde me bispevisitas i Bygland og Årdal sokn. Det vart ei stor oppleving med mykje spanande innhald!**

*Tekst: Olav Nilsen*

Biskop Stein Reinertsen er ein folkeleg og lageleg kar på alle vis, og saman med personalsjef Bjarne Nordhagen, prost Rune Stormark, sokneprest Kjell Steinbru og prostidiakon Åse Gudrun Thortveit kasta dei glans over den eine programposten etter den andre.

## **Desse venndølane!**

Det skal seiast at kyrkjeverja, som hadde lagt opp mykje av programmet, følte han kunne senke skuldrene frå første stund, når både personalsjefen og prosten kjem frå Vennesla. For det gjer kyrkjeverja og. Det er liksom noko me desse Venndølane som passar så godt inn blant gilde landsens Byglendingar og Setesdølar! Det same seier vår nye prostidiakon Åse Gudrun Thortveit, opphaveleg Ivelending, men no busett i Vennesla.

Og ein biskop med oppvekst i Farsund høver og godt inn i eit slikt følge!

## **ARA Byglandsfjord**

Visitasen starta på ARA Byglandsfjord. Dette er ein fylkeskommunal institusjon, der følgjande står å lesa:

Døgneheten ved Byglandsfjord gir et tverrfaglig spesialisert behandlingstilbud til pasienter med rusavhengighet og psykiske lidelser (ROP-pasienter).

ARA Byglandsfjord har tilsaman 27 tilsette og for tida rundt 15 bebuarar, som i snitt oppheld seg der i rundt 2 månader før dei flytter heimatt.

Gjennomsnittsalderen var overraskande høg, og fortel noko om kor utbreidd ulike former for rus, medikamentbruk og alkohol er i dagens samfunn. Me hadde ein lang prat med den nye leiaren Øystein Lie frå Øvrebø og resten av staben hans. Etterkvart kom samtalen og inn på den åndelege delen av tilbodet, og det var heilt tydeleg eit ønskje om endå større samarbeid med kyrkja. Prostidiakonen er innom ARA ein gong i månaden, men det vil kan hende bli aktuelt med fleire besøk frå henne i tida framover.

## **Tre nydelege songar**

Etter samtalen fekk me omvisning på anlegget, som ligg så uneleg til nede ved fjorden, og der friluftsliv og uteaktivitetar er ein viktig del av behandlinga. Tilslutt samla me oss i peisestua, der ei av dei tilsette - Åse Gullsmedmoen, og ein av bebuarane - Kristian J Varmo Andresen - framførte tre nydelege songar for oss. Åse og Kristian er, saman med kyrkjeverja og fleire andre, med i Evje og Hornnes menighetskor, som song under visitasgudstenesta i Sandnes kyrkje Åraksbø søndag 3. mars. Der hadde Kristian mellom anna solo på "You raise me up" i ei strålende framføring. Og ingenting er vel større enn å bli reist opp med fornya tru på seg sjølv, sine medmenneske og Han som har skapt oss!

Det vart me i største grad minna om denne regnfulle onsdagsettermiddagen på ARA Byglandsfjord.



Besøk på ARA Byglandsfjord. Frå venstre Rune Stormark, Grete Siren Hagen, Åse Gudrun Thortveit, Olav Nilsen, Kristian Varmo Andresen, Åse T. Gullsmedmoen, Stein Reinertsen og Østein Lie. Foto: Bjarne Nordhagen



*Prosten og biskopen i godlage  
på visitasgudstenesta.*

*Foto: Tone  
Norgarden Gakkestad*

Etter det vellukka besøket på ARA Byglandsfjord sjekka biskopen og hans følgje inn på Revsnes hotel.

### **Samtale med soknerådet**

Her hadde han først samtale med prostidiakon og kyrkjevevje, før me klokka 18 benka oss i biblioteket for ein samtale med medlemmar av det nye soknerådet. Og maken til engasjerte soknerådsmedlemmar skal ein leita lenge etter! Dei bobla over av idear og tankar om korleis kyrkja kan nå endå lenger ut i kommunen vår, så her vert nok travle dagar for både stab og sokneråd i tida framover!

### **Biskopeleg gjestebod**

Kvelden vart innleia med ein god visitasmiddag for dei tjue gjestene som var beden inn til biskopelig gjestebod! Heimelaga elgkarbonader og karamellpudding stod på menyen, og dei frammøtte var i tillegg til biskopen og hans stab, tidlegare og noverande frilviljuge og tilsette, samt flesteparten av soknerådsmedlemmene. Ei og anna god historie vart og framført, og biskopen hadde ei lita helsing.

### **Magisk seanse i biblioteket**

Deretter gjekk turen inn på biblioteket, der me som dei aller første i heile verda fekk vera med på utframføring av "Terje Vigen i ord og tonar"!

Vår alles kjære kyrkjetenar, klokkar, rimsmed og kåsør, Svein Kleivane, har jo fleire gonger trollbunde oss med si levande





*Ein engasjert Svein Kleivane under urframføringa av Terje Vigen i ord og tonar. Foto: Olav Nilsen*

framføring av Terje Vigen. Men her hadde forhjelpe meg vår dyktige organist Knut Olav Uppstad gått hen og tonesett heile verket! Det var beint fram magisk å oppleve denne seansen ein sein onsdagskveld i hotellets bibliotek!

Etterpå song Grendis eigen Gunnar Gautland "Langt inn på ville heii" av Johannes Bakken. Hos mange er nok songen betre kjend som "Den ville sauen". Harry Andersen, som var nabo til Johannes Bakken under oppveksten heime i Seljord, fortalde litt meir om denne poeten og songaren som jamvel samla fulle hus i Filadelfia Oslo - der han spelte fele og song samstundes!

## **Den beste Pinsevenen i Den norske kyrja**

Under middagen hadde kyrkjeverja elles ein liten presentasjon av gjestene, og når ein kjem til Harry Andersen gjev følgjande karakteristikk alltid åtgauum i salen: "Harry Andersen er den beste Pinsevenen som nokon gong har vore tilsett i Den norske kyrkja!"

Biskopen gjekk tidleg til sengs, men prosten, personalsjefen,

kyrkjeverja, prostidiakonen og organisten vart sitjande oppe til nærare midnatt.

## **Venta på dame ved midnatt**

Kva dei røa om er hemmeleg, men kan hende sat dei alle og var spende på om ei og anna dame ville dukka opp i hotellets foaje rett etter klokka 24.00. For då inntraff skotårsdagen, og då kan som kjent kvinnene fri! Men den einaste som dukka opp var den tidlegare organisten Alfred Gammelsæter som var på veg oppover dalen for å stemme piano. Likevel var atter synsgleda stor!

Natta på hotellet gjekk særers roleg for seg, og etter ein god frukost torsdags morgen gjekk turen til kyrkjekontoret på Bygland, der gilde representantar for Bygland kommune snart dukka opp. Med i det kommunale følgjet var både kommunedirektør, økonomisjef, ordførar og vara ordførar. Biskopen leia møtet med stødig hand, og det var ein fryd å oppleve kor opptatte alle var av å styrka det allereie gode samarbeidet mellom kommunen og kyrkja! Bygland kommune gjev jo kvart år monalege tilskot til fellesrådet, i tillegg til at dei utføre tenester på kyrkjegardane og i samband med gravferder som åleine utgjer ein verdi på over ein halv million i året!

## **Ikkje berre mammon**

I tillegg kjem det kommunale tilskotet som i 2024 utgjer nesten kr.1,4 million. Det utgjer 70 prosent av samla kyrkjelege inntekter, og fortel kor viktig dette er for alle partar! Men samtalen dreide seg ikkje berre om mammon, men og om det åndelege og menneskleg behovet som skal dekkast for den jamne innbyggjar i Bygland kommune. Her heldt soknepresten spesielt fram si rolle i samtale og sorgarbeid i samband med dødsfall og i livets siste fase, medan prosti-

diakonen fortalde litt om alle dei menneske ho møter under sine heimebesøk. I løpet av eit år har ho nærare hundre slike besøk berre i Bygland! Og dette er i høgste grad ein viktig del av det me så fint kallar "det psykososiale tilbodet"!

Ofte er det einsame og gamle menneske ho vitjar - og her er behovet stort i Bygland kommune!

## **Svolten gnog i skrotten**

Så gnog svolten atter så i skrotten, og då var det godt å kome opp på KVS Bygland, der herlege snittar med all slags herlegdom vart sett fram! Rektor Steffen Røykenes og inspektør Jon Gunnar Kjetså tok varmt i mot oss og sessa oss til bords!

Der vart me fortalt om ein skule som etter nokre år med svake elevtal, opplever ein pågang som aldri før. I år har skulen 86 elevar, og kvart einaste rom på internata er i bruk! Til neste skuleår er det nærare 300 søkarar, så her er det verkeleg von for framtida!

På skulens heimeside presenterer dei seg slik:

KVS-Bygland er ein privat vidaregåande skule, og vert eigd av Indremisjonsforbundet. Det inneber at skulen har ein kristen profil. I praksis gjev det seg utslag i at me startar skuledagane med ein kort andakt, og at me inviterer til kristne møte på tysdagskveldane. (friviljug). Me har og eit strengt reglement når deg gjeld rusmidler. Vidare ønskjer me å påverke til høg og sunn arbeidsmoral, samt å formidla den kristne trua og håpet om eit evig liv.

## **Biskopen i skogsmaskin**

Ein skulle vel tru at elevar og lærarar av den grunn kan vera noko livsfjerne, men sjeldant har ein vel møtt så mange engasjerte og jordnære elevar og lærarar! Og kan hende ikkje så rart når skulen er prega av praktiske fag med natur-





*Gildt møte med Bygland kommune. Frå venstre ordførar Runar Flåt Granheim, varaordfører Tor Kasin, prosti-  
diakon Åse Gudrun Thortveit, soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes, biskop Stein Reinertsen, økonomisjef  
Knut Olav Forgard og kommunedirektør John Salve Sigridnes. Foto: Olav Nilsen*

bruk og byggfag som basis for det heile.



Her fekk biskopen prøva seg i ein simulator for skogsmaskinar, og inne i ein stor hall hadde dei to svært doningar til føremålet.

Like imponert som me var over utstyret var me imponert over elevane, som i tur og orden kom og presenterte seg og handhelste på oss!

Høvisk framferd er tydelegvis noko dei og lærer seg på denne skulen!

### Til dei hestegale

Så gjekk turen inn til ”hestejentene”, og det var her vår nye og myndige soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes vart sett på prøve!

Ho har nemleg ei dotter som har vorten heilt ”hestegal”, og dagstøtt er oppe på skulen for å ri. Men sjølv har vår elles så uredde leiar stor respekt for desse høgreste og flotta dyra. Der same har kyrkjeverja! Medan biskopen tydelegvis sette si von til høgare makter, og uredd poserte saman med både høgreste hestar og kjekke hestejenter!

### Restaurerer gammalt stokkebygd hus

Lafteyrket lærar dei og, og frå Vest-Telemark til Nordmøre er KVS Bygland den einaste skulen som tilbyr dette faget. Her stod lærar i tradisjonsbygg og laft, Olav Straume, klar samen med ein gjeng kjekke karar - i full gang med å restaurere eit gammalt stokkebygd hus frå Setesdal!

Det må og nemnast at Olav Straume, som er busett på Bygland, i 16 år har teke seg av alt av vedlikehald på kyrkjebygga, så det er kan hende ikkje så rart at det aller meste er i god stand på alle våre 5 gamle gode kyrkjebygg!

Til sist var me innom byggfagklassen, der dei akkurat då heldt på å setje opp ei romsleg leikehytte! Så her er det berre å stikke innom hvis ungane eller ektefellen byrjar å masa om overnatting utomhus! For fleire av hyttene var visstnok til sals forstod ein dei rett.

### Hjelpeprosjekt i Latvia

Det skal og nemnast at elevane på KVS Bygland i mange år hadde eit eige hjelpeprosjekt på ein leirstad i Latvia. Der har dei sett opp eit nærare tjuetals hytter av ulike slag, og med mest heile skulen på laget har elevane fått erfarar mykje utover sjølve snekkararbeidet - ikkje minst korleis det er i eit naboland som i mellomkrigstida var blant dei rikaste landa i Norden. Men så kom tyskerane, og deretter Russerane som vart verande der permanent til 1991, og sette landet fleire tital år attende i tid med si brutale undertrykking og håplause økonomiske system.

Idag er det Russarane sjølve som lid mest under dette, då leirstaden og regionen rundt i stor grad er





*Biskopen, hesten og eigaren, Cornelia Kvinnesland, tyktes å trivast godt i lag! Foto: Olav Nilsen*

bebudd av etterkomarane etter dei Russiske okkupantane.

På KVS Bygland fekk me og oppleve den store velviljen kyrkja har, og her ser me for oss fleire spanande samarbeidsprosjekt i tida framver.

### “Frisbeegolf “

Nemnast må mellom anna at me kan hende kan henta ressursar i trusopplæringsarbeidet her, og at me tek sikte på ei kveldsgudstene til hausten saman med elevar og lærarar på KVS Bygland! Dessutan byggjer skulen saman med Idrettslaget opp eit stort område for såkalla ”Frisbeegolf”, og dette vil bli til fri avnytting for heile Byglands befolkning - ikkje berre for elevane på skulen! Eit flott til-

tak som kan binda skulen og bygda endå tettare saman!

### Lekamen til kyrkjeverja er noko svak

Kyrkjeverja, som har skreve denne reportasjen, høyrer i kyrkjeleg samanheng til det såkalla ”verdslege regimentet”, medan biskopen, prosten, soknepresten og prostidiakonen høyer til det ”åndelege regimentet”. Dette i høve til vår kyrkjefader Luthers forståing av kyrkje og samfunn. Såleis er lekamen til kyrkjeverja noko svakare, og medan prelatane sette kursen mot Byglandsheimen med andakt for bebuarane, inntok kyrkjeverja horisontalen på kyrkjekontorets enkle madrass! Såleis veit ein ikkje anna enn at og besøket på

Byglandsheimen vart særst vellukka på alle vis!

Kvar 14. dag er det andaktar der opp, og her vekslar ein mellom sokneprest Kjell Steinbru, og lekpredikantane Tove Tveitå eller Knut Gakkestad! Organist Knut Olav Uppstad er alltid med, og i ord og tonar gler dei mange av beburane både med Guds ord og kjende og kjære salmar og åndelege viser. Ofte er vår syngande maskinentreprenør og brøyebilsjåfør Gunnar Gautland tilstades og kastar ekstra glans over arrangementa!

### Konserten i Bygland kyrkje

Det var han og under den strålende konserten som organist Knut Olav Uppstad hadde sett opp klokka 17 i Bygland kyrkje!



Her deltok i tillegg i første bolken frå galleriet Knut Olav Uppstad på orgel, Randi Steinholt på saksofon og Bjørg-Sissel Tveiten på kornett!

Vame tonar med både gamlestev- og nystevmelodiar frå Setesdal fylte ei nesten fullsett Bygland kyrkje, etterfylgd av folketonar frå Åseral, før Gunnar Gautland song "Jesus du er den himmelveg" til fagre orgeltonar. Så rann "Solrenning sæle" med orgel og saksofon, før Gunnar Gautland avslutta denne bolken med "Ja, engang min øyne skal" til tonar frå både orgel og saksofon.

## Halve forsamlinga var ukrainarar

Det hadde falle i kyrkjeverjas lodd å ønskja publikum velkomen, og sia det synte seg at halve forsamlinga var Ukrainarar, henvendte han seg i siste augneblink til norsk-ukrainske Olena Vorontsova for å få greie på kva "Velkomen til våre Ukrainske vener" heiter på deira morsmål.

Dermed freista ein seg med helsinga "Laskava prosymo nashi Ukrainske drozi" - noko som våre nye lansmenn tyktest å forstå - sjølv om det nok vart framført med eit visst innslag av Vennesla-aksent!

## Verdens lengste korps

Andre bolken vart introdusert av Ingrid Eieland Flåt som dirigerer det som vert kalla "Norges lengste korps"! For her kjem muskarane heilt frå Vennesla til Hovden, og sær dyktige blåsarar heldt ein minikonset både med ein feiande flott Bruremarsj, Vivaldis vinter og salmen "Å kom no med lovsong". I tillegg var publikum med og song så de ljoma på både "Fagert er landet" og "Herre Gud ditt dyre namn og ære!"

Nemnast må trommeslagaren! For nokre slår på trommer, medan andre spelar på trommer! Og spela



*God stemning på Bygland kulturscene med smilande Ukrainarar og Byglendingar! Foto: Olav Nilsen*



*Evje og Hornnes Menighetskor i aksjon. Bak frå venstre: Kristian Varmo Andresen, Jo Inge Rosseland, Olav Nilsen, Kåre Eidem og Tony Myrvold Framme frå venstre: Kjellfrid Bø Nilsen, Anette Dovland, Åse T Gullsmo, Kristin Erstad og Lindy Eidem. Foto: Sigurd Haugsgjerd*

på trommer gjorde denne karen til gagns!

Sia biskopen, prosten, soknepresten og prostidiakonen óg her hadde sessa seg sentralt i kyrkje-romet, og let seg riva med av fengande flott musikk og song frå først til sist, kan det jo vera verdt å ta med at korpsdeltakarane dekkjer heile Otredal prosti! Betre kan det ikkje bli!

## Tok av stakken nattestid

Denne innholdsrike biskopelege skotårsdagen vart avslutta med Ukrainekveld på Bygland kulturscene, og her var ikkje ein einaste

stol ledig etter at gilde Byglendingar og Ukrainarar hadde fylt heile salen i saleg trengsel! Kvelden vart leia av bygdas eigen Svein Kleivane, godt assistert av ein stakkekledd soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes! Den flotte Setesdalstakken hadde ho elles på seg under heile visitasen, men ein vil tru ho tok den av seg nattestid!

## Dei kyrkjelege ansatte sprang til matfata

Det kunne virka som Svein Kleivane ikkje hadde ete på ei stund, for det høyrdes ut som om tennene hans sprang i vatn då våre



*Kyrkjeverje Olav Nilsen deler ut kvar si julekrybbe, laga av Bjarne Nordgarden, til nokre av dei som har medverka under bispevisitasen. Frå venstre biskop Stein Reinertsen, prost Rune Stormark, sokneprest Kjell Steinbru, dirigent Thomas Stanghelle, organist Knut Olav Uppstad, kyrkjetenar Knut Gakkestad, songar Gunnar Gautland og kyrkjeverje Olav Nilsen. Foto: Tone N. Gakkestad*

ukrainske vener i flokk og følgje presenterte alle dei himmelske rettene som venta oss ute i foajeen.

Til all lukke fekk biskopen og andre kyrkjeleg tilsette springa først til dei velfylde matfata og dessertborda, og då alle hadde forsynt seg var det knapt ein brødsmule att å oppdrive!

## Biskopen såg ut som ein heilt vanleg nordmann

Våre nye landsmenn frå Ukraina er nok vant til meir kyrkjeleg pomp og prakt når ein kyrkjeleg leiar er i anmarsj, men dei tyktest å setja stor pris på vår folkelege og venlege biskop, som bortsett frå ein liten kvit snipp rundt halsen, og eit kors på brystet, såg ut som ein heilt vanleg nordmann.

I tillegg sette han seg midt blant dei ved bordet, og her hadde han ein stor fordel då soknerådsleiaren organiserte Quiz med spørsmål både på norsk og Ukrainsk. Men alle fekk både nordmenn og Ukrainarar med på laget, så poengsummen var rimeleg stor på dei fleste borda.

## Har sjiraffen blållilla tunge?

Noko strid vart det på spørsmålet om kva farge giraffen har på tunga. Dette er jo eit dyr som ikkje er å sjå korkje i norske skogar eller på Ukrainske stepper, så her vart barnelærdomen i Zoologi sett på prøve.

Rett svar var ifølgje soknerådsleiaren blått, og då eitt av lage freista seg på blållilla, fekk dei trekk i poengsummen då dei protesterte på det offisielle svaret!

Såleis gjekk biskopens bord sigrande ut av kappestriden, og det var det nok ei djupare meining med!

## Båe nasjonalsongane

Denne gilden kvelden vart som vanleg avslutta med å synga både den norske og Ukrainske nasjonalsangen. Det vekker alltid sterke kjensler, spesielt når ein veit at me har med menneske å gjere som har flykta frå krigen, og som har mange kjære og kjende att i sitt kjære heimland.

Nemnast må og at Natasha Degtyareva både under kyrkjekonserten og på Ukrainakvelden var med som eineståande god tolk!

Det må og seiast at biskopen og hans følgje før konserten var på eit særers vellukka bedriftsbesøk hos ContainerTech på Verksmoen.

## Så kom brannbilane

Men heller ikkje dette fekk kyrkjeverja med seg, for rett før avreise gjekk brannalarmen i Sandnes kyrkje Åraksbø!

Thora Bakke Nordgarden på Åraksbø sprang rett ned for å sjekka, og rett etter kom brannvesenet. Heldigvis var det falsk alarm, men

det er jo greitt å veta at beredskapen er god om noko skulle skje!

Veret viste seg ikkje frå si beste side under bispevisitasen, og heller ikkje under visitasgudstenesta på søndag var det fritt for regndrøpar frå ein skytung himmel. Men inne i kyrkja var det lyst, godt og varmt, og det vart ein flott og verdig avslutning på ein innholdsrik bispevisitas.

## Gudstenesta i Åraksbø

Organist Knut Olav Uppstad spelte eit flott preludium, før inngangssalma “Vår Gud han er så fast ei borg” ljoma gjennom kyrkjebenkene.

Sokneprest Kjell Steinbru leia gudstenesta med stødig hand, Eyje og Hornnes Menighetskor song, og biskop Stein Reinertsen heldt dagens preike over teksta frå Markus 9.17-29. Den handlar om Jesus som driv ut ei vond ånd av ein ung gut, og om den tru som i møte med Jesus kan gjera det umogelege mogeleg! Eller som biskopen hadde som overskrift i preika si: “Jesu makt i vår avmakt!”

Gudstenesta vart avslutta med at Menighetskoret song “Gå i fred og ten Herren med glede” som postludium.

## Velfortente takkegåve

Så heldt biskopen sitt visitasforedrag, før kyrkjeverja avslutta med å dele ut ei velfortent takkegåve til både biskop, prost, sokneprest og prostidiakon. Det var ei lita julekrubbe, laga av vår dyktige lokale kunstnar og tredreiar Bjarne Nordgarden! I tillegg fekk vår dyktige organist Knut Olav Uppstad, kveldens pianist og dirigent Thomas Stanghelle, vår trufaste kyrkjetenar og klokkar Knut Gakkestad, og songar og brøytebil-sjåfør Gunnar Gautland, same flotte takkegåve. På den står det inngravert “Minne frå Åraksbø 3. mars 2024”.

Det er med stor takksemnd me ser attende på desse spanande og innholdsrike visitasdagane, og me ønsker biskop Stein Reinertsen Guds rike signing over liv og teneste!



# Takk til Setesdalstrykk

- velkommen til Erik Dyngvold og Bjorvand & Co



*Knut på Bø i aksjon.*

**I mange år har Setesdalstrykk vore ein trufast samarbeidspartnar på både grafiske tenester og på trykking av Kyrkjebladet.**

*Tekst: Olav Nilsen*

Og det har vore ei stor glede å samarbeide med både Knut på Bø og Helge Stokkeland i alle dei åra eg har vore redaktør.

Knut er mest kjend som "Knut på Bø" etter garden han bur på, men heiter eigentleg Knut Heine Eilertsen, og er fødd i Sarpsborg. Det er han som har vore grafisk formgjevar, og stått på i hektiske periodar før "deadline". Og då har det gått unna i stort tempo!

Setesdalstrykk har og trykt eit par lokalhistoriske bøker eg har utgjeve, så det vert eit stort savn å ikkje ha eit lokalt trykkeri i dalen! Helge Stokkeland har stått i trykkeriet, og vore mest like kjapp som Knut med å trykke opp og ha blada klare i tide.

Takk til bae to for god service og godt fagmessig arbeid!

I Vågsbygd bur det ein gild kar som ofte er oppe på småbruket som han og kona Margit har i Åraksbø.

Han heiter Erik Dyngvold, og er pensjonert grafiker. Så då han fekk høyre at Kyrkjebladet i Bygland kom i ei knipe etter at Setesdalstrykk stengde dørene, tilbaud han seg å hjelpe til med bladet - saman med trykkeriet Bjorvand & Co, som held til i Henrik Wergelands gata i Kristiansand - rett i nærleiken av bispedømekontoret.

Betre kan det ikkje bli! Så det Kyrkjebladet du no heldt i handa er det fullt ut Erik Dyngvold som har utforma, medan Bjorvand & Co har trykt det opp det antal eksemplar me treng for å dekke heile Bygland kommune, og ein god del utanbygds adressatar.

Det ligg ikkje lenger eigen giro inne i bladet, men dei opplysningane du treng om kontonummer og VIPPS vil du heretter finna fast på tredje siste side.

Som så mange andre kyrkjeblad gjeng og økonomien i Kyrkjebladet for Bygland noko i underskot kvart år. Så mer er svært takkesame for alle som støttar oss vidare når bladet no gjeng i sitt 81. år!

## Konfirmasjonar i Bygland

Dette året har det vore åtte konfirmantar i Bygland. Forutan opplæring i dei grunnleggande tema i den kristne trua, har dei vore med på mellom anna Kick-off på Syrtveit, konfirmantleir på Knaben og dei har òg vore bøsseberarar for Kirkens Nødhjelp i

samband med deira Fasteaksjon. No er dei klare til å bli konfirmerte i kyrkjene.

Det blir følgjande konfirmasjonar i Bygland sokn:

**Torsdag 9. mai** kl. 11.00 i Sandnes kyrkje: Torjus Haugen.

### Søndag 19. mai

kl. 11.00 i Bygland kyrkje: Ole Christian Carlsen, Sigurd Lidi Fjalestad, Iselin Von Hafenbradl, Mari Kvåle Holen og Ingrid Marie Berås.

### Søndag 19. mai

kl. 13.00 i Årdal kyrkje: Solveig Greibrokk Heggernes og Tarjei Homme.



## Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

### Gudstenester Bygland og Årdal sokn mars 2024 - juli 2024

#### Søndag 24. mars. Palmesøndag

Hovatn ved Åraksbø kl. 12.00  
Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Hans Jürgen Wiehe  
Preiketekst: Matteus 26,6–13:  
Jesus blir salva i Betania  
Takkoffer til Åpne Dører

#### Skjærtorsdag 28. mars

Årdal kyrkje kl. 16.00  
Gudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Lukas 22,14–23:  
Nattverden  
Takkoffer til Bibelselskapet

#### Langfredag 29. mars

Sandnes kyrkje kl. 19.00  
Langfredagsgudsteneste ved Kristina  
Grundetjern

Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Markus 14,26– 15,37:  
Lidingssoga  
Takkoffer til Kirkens SOS

#### Søndag 31. mars Påskedag

Bygland kyrkje kl. 16.00  
Høgtidsgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Matteus 28,1–10:  
Jesus står opp frå grava.  
Takkoffer til Misjonsalliansen

#### Søndag 28. april 5. søndag i påsketida

Årdal kyrkje kl. 11.00  
Samtalegudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Lukas 13.18-21:  
Likninga om sennepsfrøet og surdeigen  
Takkoffer til Normisjon

#### Torsdag 9. mai Kristi Himmelfarstdag

Sandnes kyrkje Åraksbø kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjell  
Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Lukas 24.46-53:  
Kristi Himmelfart

#### Fredag 17. mai

Bygland kyrkje kl. 11.00  
Festgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Preiketekst: Matteus 22.17-22:  
Gjev keisaren det som høyrer keisaren

til, og Gud det som høyrer Gud til  
Takkoffer til Frelsesarmeen

#### Søndag 19. mai Pinsedag

Bygland kyrkje kl. 11.00  
Årdal kyrkje kl. 13.00  
Konfirmasjonsgudsteneste ved  
Kjell Steinbru  
Preiketekst: Johannes 14.15-21:  
Lovnad om Den Heilage Ande

#### Søndag 16. juni

4. søndag i treeiningstida  
Friluftsgudsteneste på Tveitå  
kl. 12.00 ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp  
Preiketekst: Matteus 16.24-27:  
Å følgja Jesus

#### Søndag 7. juli

7. søndag i treeiningstida  
Friluftsgudsteneste på Austadneset  
kl. 12.00 ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Takkoffer til Israelsmisjonen  
Preiketekst: Lukas 19.1-10:  
Sakkeus

#### Søndag 14. juli.

8. søndag i treeiningstida  
Familegudsteneste på KVS Bygland  
kl. 11.00 ved Jostein Janøy  
Pianist: Esther Janøy  
Takkoffer til KVS Bygland

### Kvittering

Innbetalt til konto  
2898 20 05630

#### Betalingsinformasjon

Gåve til  
Kyrkjebladet

Betalt av

Støtt  
Kyrkjebladet  
v:ppps  
554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Betalings-  
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
v/økonomiavd. Bygland kommune  
4745 Bygland

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

2898 20 05630

<6530865305>





# Velkommen til friluftsgudsteneste på Hovassdammen!

Tekst: Knut Gakkestad  
Foto: Tone Norgarden Gakkestad

Palmesundag 24. mars kl. 12.00  
vert det friluftsgudsteneste ved  
Hovassdammen.

Det er viktig at ein sameiner  
om transporten for at det skal bli  
så få scootrar som mogeleg!

Frå Haugetveit er det fullt mogeleg  
å gå til fots opp til dammen.

Me tek med bålpanne, slik at  
ein kan grilla mat ein hev med  
seg etter gudstenesta, og varme  
seg ved bålet. Kaffi høyrer og  
med.

I år vert det og dåp i gudstenesta.

Dersom det er ulageleg ver vert  
gudstenesta i Sandnes kyrkje  
Åraksbø kl. 12.00.

Vel møtt til felleskap!

## Kyrkjelydene i Bygland

### Tilsette og kontaktinformasjon

**Bygland kyrkjekontor,**  
Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . . 379 34 700  
Heimeside: kirken.bygland.no

**Sokneprest Kjell Steinbru**  
Telefon: . . . . . 473 28 472  
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

**Kyrkjevevje Olav Nilsen**  
Telefon: . . . . . 982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland og Årdal sokneråd**  
**Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes**  
Mobil: . . . . . 950 44 185  
E-post: gro.tove74@gmail.com

**Nestleiar: Susanne Hegenscheidt**  
Mobil: . . . . . 941 74 761  
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

### Tilsette

**Organist**  
Hans Jurgen Wiehe. . . . . 915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: . . . . . 400 41 041  
E-post: uppstad@gmail.com

**Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**  
Knut Gakkestad . . . . . 948 80 383

**Kyrkjetenar, Årdal**  
Tore Moseid. . . . . 462 39056

**Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**  
Svein Kleivane . . . . . 977 74 321

**Reinhaldarar**  
Marie Bue (Bygland) . . . . 482 10 259  
Gro Tove Frafjord Sandnes  
(Sandnes) . . . . . 950 44185  
Kari Aud Bakke Svenningsen  
(Årdal) . . . . . 911 80 315

**Prostidiakon**  
Åse Gudrun Thortveit . . . 916 85159  
E-post: aasegudrun@hotmail.com

## ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



### Døypte

Oline Eikerapen Kvaale,  
døypt 06.01.2024  
i Bygland kyrkje

### Døde

Inger Therese Haugå  
født 21.08.1946, død 10.12.2023

Anna Greta Brannat  
født 25.03.1940, død 20.12.2023


Juan Luis Chacon Fernandez  
født 06.12.1950, død 25.01.2024

Ellen Johanne Sordal  
født 21.07.1951, død 10.02.2024


Hallvard Byklum  
født 12.03.1938, død 16.02.2024

Kurt Bjørge  
født 30.05.1950, død 24.02.2024





Avsender: Kyrkjebladet for Bygland  
v/Olav Nilsen  
Skisland 28, 4715 Øvrebo



Vinterhimmel over Austad kyrkje Tveit. Foto: Tora Håkegård